

# Maskat



Området sør for Roheimheia mot Maskat er eit flott område prega av mange vatn, myrer og fine kollar. Det høgaste punktet er Maskat, 686 m.o.h. Her er det flott utsikt mot Bø og Lifjell og sørover mot Skåråfjell turområde i Sauherad. Mykje nakent fjell på den breie åsryggen gir fjellfølelse.

Vi parkerer før bommen ved Svalbjørgtjønna og følgjer vegen eit stykke austover langs tjønna til vi kjem til skilt som peikar til høgre mot Maskat. Denne stigen endar på ein traktorveg, som vi følgjer sørover til Kirsdalstjønna, der stigen delar seg. Stigen til høgre går til Maskat. Den er nymerka og noko omlagt for å unngå dei våtaste myrene. Nå går den over knausar og småtoppar med flott utsikt vestover mot Solbjørvatnet. Etter ein bratt kneik er vi oppe på Maskatplataet i ope og flott terreng. Ved det høgaste punktet opnar utsikten seg sør- og vestover. Nede ved tjønna sør for toppen er det lunt for nordavinden og fint å raste.

Frå Kirsdalstjønna kan vi og ta stigen til venstre. Også denne stigen er nymerka heilt til vi kjem inn på området til Gvarv Turlag. Frå Rennetjønna kan ein vidare få ein flott rundtur sørover til Gulnostjørna med fine rasteplassar. Ved stikrysset tar vi til høgre ned til den andre Gulnostjørna, der det også er flott å raste. Så går vi på fin stig ned til Tveitvatna og vidare til Dipilen, der stigen delar seg på ny. Vi tar til høgre på nymerka stig opp ein fin rygg opp til Maskat, der vi kjem inn på stigen til Bø Turlag att.



*Fin rasteplass ved søre Gulnostjørnane. Fotot: Arne W Hjeltmes.*

Frå Maskat, Gulnostjørnane og Dipilen er det stigar vidare sørover i Gvarv Turlag sitt turområde Skåråfjell.



*Maskat. Lifjell og Årmoddalen bak i bildet. Foto: Arne W Hjeltmes*

## Parkering

Følg riksveg 152 ca 12 km frå Bø sentrum til avkjøring til høgre på Roheimvegen og vidare opp til parkering ved Svalbjørtønna, 16 km frå Bø sentrum.

## Glimmergruve

Ved Logmannslegret aust for Kirsdalstjønna er det ei gamal glimmergruve. Rett før krigen var det utvinning av glimmer der. Glimmer - også kalla kråkesølv på folkemunne – blei brukt til isolasjon mellom anna i omnsvindaug. Glimmeret blei køyrt med hest og slede på vinterstid ned til Roheim. Også tyskarane utnytta glimmeret under krigen.

## Natur

Floraen i det nordlegaste området mellom Svalbjørg og Kirsdalstjønna er rik pga. basiske bergartar. Tidleg på sommaren er det eit vell av blomtrær i alle fargar. Også vidare sørover mot Kirsdalstjønna er det rik flora med høgstauder som turt, tyrihjel, kvitsoleie og skogstorkenebb.



*Maskat. Lifjell bak i bildet med Øysteinntoppen som det høgste punktet til høgre.*